

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Kontrollutvalet sitt sekretariat  
Arkivsaksnr.: 16/4061

Arkiv: 216

---

## Forvaltningsrevisjon økonomi- og prosjektstyring

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte.

Forvaltningsrevisjonen viser at Luster kommune har gitt ein del overordna føringar for økonomistyring gjennom sentrale styringsdokument. Gjennom delegasjonsreglementet og økonomireglementet er det etablert tydelege prinsipp for overordna ansvar og mynde både for økonomistyring generelt og for investeringsprosjekt. Samtidig viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har utarbeidd retningslinjer og rutinar for sentrale oppgåver og prosessar knytt til verken økonomi- eller prosjektstyring.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i undersøkinga:

4. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar som tydeleggjer innhaldet i ansvar og oppgåver knytt til oppfølging og justering av budsjett, mellom anna tydeleggjer krav til kontroll og oppfølging av budsjett opp mot rekneskap.

5. Utarbeide skriftlege retningslinjer og rutinar for prosjektstyring, som omfattar alle prosjektfasar frå prosjektinitiering til –avslutning.

e. Formaliserer rutinar for budsjettering og økonomistyring i investeringsprosjekt

f. Tydeleggjer krav til gjennomføring av risikovurderingar av budsjett

g. Tydeleggjer krav til rapportering både til administrativ leing og politisk nivå, som både omfattar kva tid det skal rapporterast og til kva organ, innhald i rapporteringa og form

h. Etablerer rutinar for evaluering av ferdigstilte investeringsprosjekt

6. Avklare og tydeleggjere kva rolle og ansvar økonomiavdelinga generelt og økonomisjef spesielt skal ha i samband med investeringsprosjekt.

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp vurdert inn det vidare arbeidet for å sikre god økonomi og prosjektstyring i Luster kommune framover.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2017.

Rapporten vert oversendt til kommunestyret.

## Saksutgreiing:

**Prenta vedlegg: Rapport frå Deloitte. Forvaltningsrevisjon Økonomi og  
prosjektstyring.  
Saksdokument kontrollutvalet.**

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: